Nissedal kommune

Arkiv:	V00
Saksmappe:	2019/204-44
Sakshandsamar:	Peter Rieber-Mohn
Dato:	25.11.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		05.12.2019

N - Søknad om konsesjon for å kjøpe parsellen, Myrane, på - 7/1 - Vik øvre.

Vedlegg:
1 Konsesjonssøknaden frå Tellef Fossli 13.11.2019
2 Gardskart for 7/1 m.fl.

Fakta i saka:

Kjøpar: Tellef Fossli, Nissedalsvegen 1180, 3854 Nissedal.
Seljar: Olav Inge Nordbø, Neslandsvegen 66, 3870 Fyresdal.
Kjøpesum: Kr 100 000
Formål med kjøpet: Tilleggsareal til Vik camping

I samanheng med at Olav Inge Nordbø måtte selje Vik øvre mfl, ga vi løyve til å dele frå parsellen, Myrane, for å overføre den til eigedomen Utjordet 7/5 der Vik camping ligg.

I følgje gardskartet er teigen, Myrane, på totalt 13,8 dekar. Halve arealet, 6.9 dekar, er klassifisert som overflatedyrka mark og resten som andre markslag. Arealet er ubygd. Det har blitt nytta av campingplassen på Utjordet i lang tid. Det ligg i LNF-område i kommuneplanen.

Kjøpet krev konsesjon i samsvar med konsesjonsloven §2.

Vurdering:

Kjøpars eigedom, Utjordet 7/5 mfl, er ein landbrukseigedom som i følgje gardskartet har 1031 dekar totalt areal. Av dette er 615 dekar rekna som produktiv skogsmark. Det som var av jordbruksareal på eigedomen, er omregulert til campingplass. Tilleggsarealet skal også nyttast til campingdrifta og ikkje til landbruksformål. Det gjeld sjølv om delar av arealet skulle bli brukt til parsellhagar for gjester på campingplassen.

Vi skal vurdere søknaden i samsvar med konsesjonslovens formål der det heiter i §1:

«§ 1.(lovens formål)

Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:
1. framtidige generasjoners behov.

2. landbruksnæringen.
3. behovet for utbyggingsgrunn.
4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftsinteresser.
5. hensynet til bosettingen.»

Omsynet til landbruksnæringa blei vurdert da vi ga løyve til å dele frå arealet for å selje det som tilleggsareal til campingplassen. Campingplassen har alt brukt arealet i lang tid og det er med på å gi grunnlag for drifta. Campingplassen gir grunnlag for friluftsliv, sysselsetting og busetting.

Konklusjon:
Søknaden oppfyller konsesjonslovens formål.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal formannskap gir konsesjon til Tellef Fossli til å kjøpe teigen, Myrane, på Vik øvre 7/1, som tilleggsareal til campingplassen på Utjordet 7/5, i samsvar med søknaden 13.11.2019.

Vedtaket er gjort i samsvar med konsesjonsloven §§ 1 og 2 og delegert mynde til kommunen.